

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/6760-1

## **Klage frå Norled AS på avslag på søknad om infrastrukturmidlar til reiseliv - sesongutviding på ruta Bergen-Flåm**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Klagen frå Norled AS vert ikkje teken til følgje.

#### **Vedlegg:**

Søknad av 14.02.18  
Notat av 13.04.18 – felles sakshandsaming av søknadane  
Klage av 18.05.18  
Underinstansen si handsaming av klagen av 23.05.18

#### **Andre relevante dokument i saka:**

Avslagsbrev av 03.05.18  
Oversendingsbrev frå underinstansen til klageinstansen av 28.05.18

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune lyser årleg ut midlar til infrastrukturtiltak i reiselivet i fylket. Støtta skal gå til tilretteleggande tiltak som skal gjere dei mest særleine attraksjonane i fylket meir tilgjengelege for turistar. For nærare informasjon om midlane syner fylkesrådmannen til utlysingsteksten på fylkeskommunen si heimeside: <http://www.sfj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html> Fylkesdirektøren for næring og kultur vurderer og prioriterer søknadene på bakgrunn av utlysingsteksten og verdiskapingsplanen (<http://www.sfj.no/infrastrukturmidlar-til-reiseliv.341132.nn.html>).

#### **Søknaden**

Norled AS (heretter Norled) søkte 14.02.18 om til saman 450 000 kr til å teste og evaluere sesongutviding på hurtigbåttilbodet mellom Bergen og Flåm. Norled vil utvide sesongen i 2018 med fire veker, slik at sesongen startar 16. april og sluttar 14. oktober. Etter sesongen vil Norled evaluere sesongutvida, og vurdere vidare satsing. Intensjonen er å fortsetje prosjektet i 2019 og 2020. Midlane skal ifølgje søknaden gå til to område; a) prosjektering, planlegging, gjennomføring og oppfølging, og b) marknads- og salstiltak. Norled har estimert at sesongutvidinga skal generere ca. 4950 reisande med hurtigbåten. Norled meiner at effekten for regionen generelt må vurderast av andre, men at ca. 5000 fleire reisande uansett må ha ein betydeleg effekt for reiselivet og næringslivet i Sognefjorden.

Fylkeskommunen driv ekspressbåtrutene mellom Sogn og Bergen. Norled er operatør på rutene, og har inntektsansvaret. Det har vore arbeidd systematisk med skuldresesongen til sommarruta i mange år, og sesongen vart sist utvida i 2003. Etter initiativ frå Sogn Regionråd vedtok FT i sak 24/17 å gje høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen-Flåm-Bergen med inntil éin månad i kvar retning. Føresetnaden for utvidinga var at reiselivsnæringa og operatøren tok ansvaret og den økonomiske risikoen.

### Fylkesdirektøren si vurdering av søknaden

Fylkeskommunen fekk totalt 19 søknadar om infrastrukturmidlar til reiselivet. Fylkesdirektøren for næring og kultur vurderte alle søknadane i eit felles notat dagsett 13.04.18, sjå vedlegg 2. Før ferdigstilling vart notatet sendt til uttale hjå destinasjonsselskapa.

Fylkesdirektøren vurderte sesongutvidinga som svært positiv, då utvidinga vil ha viktige effektar for reiselivet i regionen - om den vert vellukka. Fylkesdirektøren peika samstundes på at prosjektet vert rekna som bedriftsretta, jamvel om næringa i Sogn vil ha nytte av sesongutvidinga. Eit tilskot i samsvar med søknaden vil truleg kome inn under reglane om offentleg støtte, og kan berre tildelast dersom eit av unntaka er aktuelle. Vidare kan det stillast spørsmål ved kor utløysande effekt eit tilskot vil ha, ettersom prosjektet er sett i verk uansett. Det var dessutan ein føresetnad for utvidinga at reiselivsnæringa og operatør tok den økonomiske risikoen. På denne bakgrunn av slo fylkesdirektøren Norled sin søknad ved brev av 03.05.18.

### Klagen

Norled klaga på vedtaket ved brev av 18.05.18. Som part i saka har Norled klagerett etter forvaltningslova § 28 første ledd. Klagen er sett fram innanfor klagefristen i forvaltningslova § 29. Fylkesutvalet som klagenemnd er klageinstans, jf. delegeringsreglementet 1.4.3.

Grunngjevinga for klagen er at Norled meiner dei treff svært godt på tildelingskriteria i utlysingsteksten, då effekten på regionen totalt sett potensielt vil vere stor. Jamvel om prosjektet vert sett i verk utan støtte, så vil sjansane for å lukkast – både i inneverande sesong og i åra framover – auke betydeleg ved ein meir kraftfull og omfattande marknadsførings- og salspakke knytt til sesongutvidinga.

## **2. Vurderingar**

### Underinstansen si vurdering

Underinstansen vurderte klagen slik i avslagsbrevet av 23.05.18:

*Vi er einige i at søknaden dykkar treff godt på mange av punkta i utlysingsteksten, noko som også avspeglar seg i vår vurdering om at ei sesongutviding av turistruta er positiv, og at det vil ha gode effektar for reiselivet i regionen om sesongutvidinga er vellukka. Vi er såleis ikkje ueinige når det gjeld viktigheten av sesongutvidinga. Spørsmålet er om søknaden likevel når opp innan denne ordninga. Vi har då sett både på vekting av søknadane opp mot kvarandre på det innhaldsmessige, men også på om søknadane er innanfor det vi meiner vi har høve til å støtte.*

*I 2018 er det ei tydeleg prioritering av prosjekt som har fått tilskot tidlegare, og tilskot til vandring. Dette er i tråd med utlysingsteksten. Vi er einige i at ei solid marknadsføring av tilbodet er avgjerande for resultatet, noko vi også skreiv i saksvurderinga. I følgje våre retningslinjer skal eit prosjekt ikkje vere starta opp når de søker tilskot frå fylkeskommunen. Då vil tilskotet frå oss normalt ikkje ha utløysande effekt (ikkje vere naudsynt for å realisere prosjektet), og vi vil då ikkje støtte prosjektet. Utløysande effekt vil seie at prosjektet ikkje ville blitt gjennomført utan tilskotet frå fylkeskommunen, eller at prosjektet ikkje hadde blitt gjennomført i ønska omfang eller til ønska tid. Sjølv om det kan drøftast om gjennomføringa er i ønska omfang utan tilskot frå fylkeskommunen, så er prosjektet starta opp, og det er i alle fall stilt spørsmål ved om tilskotet har utløysande effekt.*

*Vi har også vurdert det slik at dykkar søknad er å rekne som bedriftsretta, og at vi då i utgangspunktet ikkje har høve til å støtte søknaden. Det er ikkje kome nye moment til denne vurderinga.*

Av brevet går det også fram at fylkesdirektøren har sett av 150 000 kr for 2018 som etter nærare utgreiing ev. skal gå til å styrke tilbodet mellom Flåm og nordsida. Sjå meir om dette i vedlagde notat av 13.04.18 og brev av 23.05.18.

### Fylkesrådmannen si vurdering

For å få støtte er det ifølgje utlysingsteksten eit kriterium at midlane skal ha utløysande effekt for realisering. Norled skriv i klagen at prosjektet er sett i gong uavhengig av støtte, men at sjansane for å lukkast vil bli betydeleg auka ved støtte til marknadsførings- og salspakken. Då prosjektet alt er sett i gong, kan det i alle fall stillast spørsmål ved om tilskotet vil ha utløysande effekt, noko som talar mot å tildele midlar til sesongutvidinga.

Fylkeskommunen skal heller ikkje gje tilskot til bedriftsretta tiltak og tiltak som kan reknast som bedriftsutvikling, jf. lista over kriterium for å få støtte i utlysingsteksten. I notatet av 13.04.18 vart prosjektet vurdert som bedriftsretta. Norled har ikkje kome med opplysningar i klagen som syner at dette ikkje er tilfelle.

Det er uansett ikkje slik at alle som oppfyller kriteria for å få støtte får innvilga søknaden sin. Samla søknadssum var langt over det som var tilgjengeleg for tildeling. Fylkeskommunen fastsette på førehand rammer for prioriteringa av søknadane gjennom utlysingsteksten. Sesongutvidinga vil kunne skape auka trafikk i skuldervesongen, samt bidra til auka verdiskaping til reiselivsbedriftene i området. Desse momenta står på lista i utlysingsteksten over prosjekt som vert prioriterte. To typar prosjekt er likevel særleg framheva i utlysingsteksten, ved at dei også er trekte fram innleiingsvis; prosjekt som har fått tilskot tidlegare, og prosjekt som legg til rette for at turisten kan vandre for å oppleve attraksjonar som bre, fjord, fjell, interessante tettstader og kulturattraksjonar. Etter fylkesrådmannen sitt syn var det difor riktig av fylkesdirektøren å prioritere denne type prosjekt ved tildeling av midlar – og dermed ikkje Norled sin søknad.

Eg kan ikkje sjå at det ligg føre feilaktige vurderingar eller nye moment som tilseier ei overprøving av underinstansen sitt vedtak i saka. Samla sett er mi oppfatning at fylkesdirektøren har vurdert og (ned)prioritert søknaden i samsvar med utlysingsteksten. Eg trekk særleg fram at eit ev. tilskot truleg ikkje har utløysande effekt for realisering, og at dette ifølgje utlysingsteksten er eit kriterium for å få støtte.

### **3. Konsekvensar**

Fylkesdirektøren skriv følgjande om infrastrukturmidlane i notatet av 13.04.18 punkt 2:

*I vedtaka nyttar vi heile den tilgjengelege ramma for 2018, samt noko restmidlar frå tidlegare år. Med trongare rammer framover og fleire søknader i grenseland for det midlane kan nyttast til, så vel vi å nytte nokre av dei tilgjengelege restmidlane til ny utlysingsrunde for å få kraft i den vidare satsinga.*

Det står att 169 500 kr av restmidlane. Dersom fylkesutvalet som klagenemnd tek klagen til følgje, og innvilgar søknaden frå Norled - heilt eller delvis, må restmidlane og disponible midlar på nærings- og kulturavdelinga sitt budsjett nyttast til tilskotet.

Som det går fram av underinstansen si handsaming av klagen av 23.05.18 er det også eit spørsmål om tildeling av midlane til Norled utgjer offentleg støtte. I så fall kan fylkeskommunen berre gje tilskot så langt fram eit av unntaka frå forbodet mot offentleg støtte gjer seg gjeldande. Dersom klagenemnda tek klagen til følgje, bør klagenemnda setje som føresetnad for vedtaket at midlane kan tildelast Norled innanfor regelverket om offentleg støtte.

### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje. Eit ev. tilskot vil ikkje ha utløysande effekt for realisering, og andre søknadar ligg uansett nærare opp til områda som er prioriterte gjennom utlysingsteksten.